

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Svar på innbyggjarframlegg - Fortau mellom Blåklokka barnehage til Tveit veikryss - Fv 5314 - Alver kommune

Vi viser til dykkar brev av 8. mars 2021 og til vedtak i Alver kommunestyre den 18. februar 2021. Saka gjeld innbyggjarframlegg med ynskje om fortau mellom Blåklokka barnehage og Tveit på fylkesveg 5314.

Alver kommune har lagt nytt VA-anlegg langs Fv 5314 mellom Holme og Tveit. På delar av strekninga er det også bygd fortau. Dette gjeld delstrekninga mellom Holme og Blåklokka barnehage. På den resterande strekninga fram til Tveit er det etablert eit gruslag med bredde på omlag 1,5 m. Denne strekninga er omlag 900 m lang. Det er på denne strekninga det er ynskje om etablering av fortau. I innbyggjarframlegget blir det vist til at trafikken på fylkesvegen har auka etter at det er kome butikk på Holme. Vidare at utan fortau er det vanskeleg å kome seg til butikk, skule og barnehage. Ein må då ut i vegen for at bilar skal kunne passere.

Fylkesveg 5314 går gjennom eit spredt bebygd område, dels med enkeltavkøyrslar og dels med samleavkøyrslar. Trafikkmengda er i 2019 berekna til 700 køyretøy per døgn. Det er noko gang- og sykkeltrafikk på vegen. Fartsgrensa er 50 km/t. Sidan 2010 er det registrert ei trafikkulukke med personskade på strekninga. Det var ei møteulykke på den delstrekninga som no er utbetra med fortau.

Arbeidet som Alver kommune har utført langs fylkesvegen har ført til at det vil vere rimelegare å etablere fortau her no enn tidlegare. Det vil likevel vere trong for eit større beløp for å få på plass eit godt fortau på strekninga.

Vi forstår at det er eit ynskje om fortau mellom Blåklokka barnehage og Tveit. Eit fortau vil auke både tryggleik og lette på framkomsten for mjuke trafikantar. Langs fylkesvegnettet vårt er det mange liknande strekningar der det er trong for fortau/gang- og sykkelveg. I utgangspunktet har strekninga mellom Holme og Tveit ikkje vore blant dei prioriterte strekningane for bygging av fortau. Arbeidet som Alver kommune har utført langs vegen har ført til at kostnadene med å etablere fortau har gått ned. Slik sett er fortau no høgare prioritert enn tidlegare.

Bygginga av VA-anlegget blei i stor grad utført i 2020 og arbeidet blei ikkje slutført før i vinter. I budsjettprosessen for 2021 var arbeidet på fylkesvegen ikkje kome så langt at vi kunne setja av midlar til tiltaket. Vestland fylkeskommune har difor ikkje prioritert midlar til fortau mellom Blåklokka barnehage og Tveit på Fv 5314 i 2021.

I budsjettprosessane for dei komande åra vil Vestland fylkeskommune vurdere bygging av fortau på denne strekninga. Som nemnd er det stor trong for fortau langs mange av våre fylkesvegar og fortau på Fv 5314 må difor vurderast opp mot behova for tiltak på andre fylkesvegar.

Med helsing

**Carl Erik Nielsen**  
leiar

**Tor Steinar Høyland**  
senioringeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*